

Utviklingsavtale mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Avtalepartar

**Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)
Vestlandsforskning (VF)
Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK)**

1 Forankring og mål

Kunnskapsutvikling er eit viktig verkemiddel for regional utvikling. Konkurransedyktige næringsmiljø er kjenneteikna av samhandling av høg kvalitet mellom kunnskapsmiljø, offentleg forvaltning (verkemiddelapparatet) og bedrifter.

Utviklingsavtalen bygger på ei slik felles forståing av kunnskapsutvikling og skal medverke til langsiktig kunnskapsbygging og –formidling på område som er sentrale for Sogn og Fjordane.

Samarbeidsavtalen er forankra i arbeidet med regional utvikling i Sogn og Fjordane slik dette er prioritert i gjeldande regionale planar og ev. i arbeidet med utvikling av nye. Føremålet er i tråd med dette også å medverke til institusjonsutvikling ved HiSF og VF.

Arbeidet finansiert gjennom utviklingsavtalen skal vere tydeleg tidsavgrensa. Driftsstøtte inngår ikkje i avtalen.

Målet med avtalen inngått i 2015 er primært innretta mot ei målsetting om å styrke regional relevans innan FoU-aktiviteten. Avtalen er derfor sterkt knytt opp mot verdiskapingsplanen og FoU institusjonane som partnarar i dette arbeidet.

2 Avtaleperiode og avgjerdspunkt

Avtalar vert fullfinansierte for tre år om gangen. Denne avtalen gjeld tre år frå 1. juli 2015 til 30. juni 2018.

Fase 1	24/8 – 30/9 2015.	Arbeidsplanlegging (for treårsperioden)
Fase 2	1/10 2015 – 30/6 2018	Gjennomføring

Avgjerdspunkt:

- Finansiering i Hovudutval for plan og næring 29. september 2015.
- Partane godkjenner arbeidsplanen seinast 9. oktober 2015.

3 Innhold i avtalen 2015-2018

I denne perioden er det prioritert følgjande aktivitet:

- Samarbeid om gjennomføring av satsingar og program
- Samarbeid om internasjonalisering
- Verktøykasse for utvikling av innovative nettverk

3.1 Samarbeid om gjennomføring av satsingar / program

Fylkeskommunen utviklar arbeidsformer innan partnarskapsarbeidet. Eit viktig bidrag vil vere statistikk og analyse knytt til langsiktige mål og oppfølging i års- og 4-årssyklusen til satsingane m/ program og avtalt arbeid.

Intensjonen med eit samarbeid er:

- Utvikle resultatinformasjon som gir styringsstøtte på prosjekt-, program og satsingsnivå for partnarskapsarbeidet.
- Utvikle resultatinformasjon som er kvalitetssikra både fagleg og pedagogisk.
- Resultatinformasjonen med ein kvalitet som kan brukast i ulik forskingsaktivitet utanom denne avtalen.
- Intensjonen er at resultatinformasjonen kan gi grunnlag for å vurdere avvik (gap) mellom mål og faktisk utvikling og med basis i dette kunne vurdere trøng for forsking.

Det er semje om to samarbeidstema med føremål å skape betre føresetnader for at partnarskapen arbeider resultatorientert og kunnskapsbasert. I dag er forma dialogmøte svært dominerande og ofte gjennomført utan dokumentert kunnskapsgrunnlag. Dialogmøte kan vidareutviklast og i større grad bygge på godt analytisk grunnlagsmateriale.

3.1.1 Ei nullpunktanalyse for satsinga kunnskap

Det overordna måla for satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen er å styrke kvalitet, relevans og tilgang på forsking og utdanning, slik at næringsliv og offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane får auka nytte av kunnskapen.

Målet skal operasjonalisera og følgjast opp gjennom spørjeundersøkingar for å skaffe ei god analyse av situasjonen når arbeidet vert sett i gang (ei såkalla 0-punktanalyse).

Nokre undersøkingar om tilgrensande tema

1. Prosjektet kompetansebygging, utvikling og rekruttering¹ vart fullført ved utgangen av 2014. Rapporten er forfatta av Reidar Sandal og Trond Strømgren på oppdrag frå næringselskap i Sunnfjord og Sogn. Rapporten omhandlar statistikk og analysar over folketalsutvikling, sysselsetjing og arbeidsinnvandring i ulike delar av fylket. Den viktigaste delen av rapporten gir råd om tiltak for å betre rekrutteringa av kvalifisert arbeidskraft, basert på ei spørjeundersøking til representantar for både privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane.
2. Føremålet med den årlege FoU-undersøkinga til SSB² er å kartlegga FoU-aktiviteten i næringslivet. FoU-undersøkinga måler næringslivet sine kostnader til FoU, både FoU utført med eige personell og innkjøpte FoU-tjenester frå andre (forskinsinstitusjonar, andre føretak osb.). Undersøkinga måler og korleis FoU-verksemda er finansiert (eigenfinansiering, offentleg finansiering osb.).

Punkta over viser at det er gjort undersøkingar av folketals- og sysselsetjingsutviklinga i fylket og kva kompetanse verksemde etterspør og manglar. I tillegg er omfanget på og innretninga av FoU-aktiviteten godt kartlagt. Det manglar likevel data som skildrar kontaktflata mellom næringsliv/offentleg forvaltning og FoU-miljøa og kva dei førstnemnde meiner om kvaliteten, relevansen og tilgangen på tenester frå forskings- og utdanningssektoren.

¹ Reidar Sandal og Trond Strømgren: Kompetansebygging, utvikling og rekruttering. 2014.

² Forskning og utvikling i næringslivet, 2013, endelige tall. SSBs statistikkbank.

Vi vil kartlegge:

- Nokre demografiske kjenneteikn ved verksemda (t.d. næringsgruppe og, tal tilsette)
- Kva type kontakt verksemder i næringslivet og offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane har med skular på ulike nivå, FoU-miljø, både utanfor og i fylket (t.d. nytta forsking eller etterutdanning)
- Kor hyppig denne kontakten er
- Kor stor nytte den einskilde hadde av kontakten (-ane)
- Viss nytten var stor; kvifor det?
- Viss nytten var liten; kvifor det?
- Kor nøgd verksemda var med kontakten (-ane) og/eller samarbeidet?
- Kor tilgjengelege var FoU-miljøa?
- Hadde FoU-miljøa den rette kompetansen? Viss nei, kva type kompetanse manglar dei?
- Kva kan FOU-miljøa, både i og utanfor Sogn og Fjordane, bli betre på i sin kontakt/samarbeid med verksemndene?

Utval og datainnsamling:

Spørje leiarane av verksemndene (både private og offentlege) og 1 – 2 tilsette i kvar verksemd (t.d. tillitsvalde) for å kunne ha eit tilstrekkeleg stort utval til å kunne gjere kvantitative analysar i alle viktige næringar.

Framdrift:

- Datainnsamling vinteren/våren 2016
- Analysar og rapportering våren/sommaren 2016
- Intensjonen er å gjenta kartlegginga kvart 5. år.

3.1.2 Resultatinformasjon for bransjesatsingane i verdiskapingsplanen

Fylkeskommunen brukar i dag Telemarksforsking på dei overordna vurderingane av folketals- og arbeidsplassutvikling. Dette arbeidet må supplerast og «brytast meir ned» i høve til bransjesatsingane³. Resultatinformasjon må på nivå bedriftsmiljø eller bransje kunne gi informasjon om kva faktorar som er flaskehals i høve måloppnåing.

For å sikre kvalitet og brukarvennlegheit må talmaterialet «reinskast» for eksterne faktorar. Dette må løysast konkret. På aggregert nivå handlar det om å korrigere for:

- Ulik bransjestruktur
- «Ta vekk» nasjonale impulsar og vurdere om og ev. korleis nasjonale og internasjonale impulsar påverkar resultatinformasjonen ulikt fylka imellom.
- Befolkningseffekten innan besøksnæringane.
- Ringverknader ved at nokre bransjar er «motor» og andre «følgjenæringar»

Fase 1

- I samarbeid med Fylkeskommunen går forskargruppa gjennom kva måleparametrar det kan vera interessant å ha ei regelbunden vurdering av.

Fase 2:

- Forskargruppa analyserer desse parametrane for å kunne avdekke om det har vore ei annleis utvikling i Sogn og Fjordane enn i andre delar av landet, t.d. i

³ KIFT (i kunnskapssatsinga), Sjømatnæringane, Fornybar energi, Olje/gass (med vekt på arbeidet med underleveransar), Landbruk (er truleg godt nok dekkja) og Reiseliv. I tillegg kjem etablerarstatistikk (nyskaping), industristatistikk (industristrategi under utvikling) og kanskje også statistikk knytt til tilgang til kapital (finansnæringa og kapitalstraumane)

kringliggjande fylke. Det er her viktig å finna ut om utviklinga hjå oss har vore vesentleg annleis enn i dei fleste andre regionar i landet.

- Forskargruppa freistar å gje ei forklaring på denne utviklinga.

Utval og datainnsamling: Registerbaserte opplysningar.

4 Samarbeid om internasjonalisering 2016 -2017

HiSF og VF ønskjer å styrke eiga evne til å delta i internasjonale forskingsprogram (særleg Horisont 2020) og i Interreg og Erasmus+ i den grad desse programma kan medverke til testing, dokumentasjon og overlevering av FoU.

Ein føresetnad for denne avtalen er at dei to institusjonane set av midlar til løpende driftsoppgåver. Utviklingsavtalen er eit supplement for å finansiere konkret arbeid med føremål å utvikle evne til prosjektutvikling og prosjektgjennomføring. Det vert føresett at tiltak er knytte til relevant utviklingsarbeid i Sogn og Fjordane. Målet er såleis både å auke talet på internasjonale prosjekt forankra i regionale planar og å auke partnarskapen med vekt på HiSF og VF si evne til å delta i EU-prosjekt.

Utviklingsavtalen finansierer steget etter generell mobiliseringsaktivitet. Det er likevel naturleg at dei aktive forskarane i internasjonaliseringens aktivitet spelar ei viss rolle som partner i mobiliseringsaktivitet.

Avtalen er tidsavgrensa til 2 år. Målet er eit ekstra løft som deretter vert institusjonalisert hos partane.

5 Verktøykasse for utvikling av innovative nettverk

Utviklinga av verktøykassen vart påbyrja etter at Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennomførte eit forskingsprosjekt med tittel "Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar". Prosjektet var finansiert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Norges Forskningsråd.

Dei funna som ein gjorde her har ført til definering av eit sett ved verktøy som kan nyttast i arbeid med innovative nettverk og innovasjonsprosessar på tvers av bedrifter. Dette arbeidet er kome noko på veg og eit førebels notat er sendt til oppdragsgjevar (Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane). Det står likevel att ein del analysearbeid og det er difor behov for finansiering til å slutføra dette.

Det vil bli arbeida for alternativt å få gjort dette arbeidet – heilt eller delvis – som del av eit internasjonalt prosjekt.

Prosjekt ferdig: Våren 2016.

6 Finansiering i 2015

Aktivitet i utviklingsavtalen vert fullfinansiert og intensjonen er å drøfte ein ny avtale årleg sål lenge alle partane finn aktiviteten føremålsteneleg.

Finansieringsplan for heile treårsperioden for aktivitet avtala i 2015:

Aktivitet	Finansieringskjelde		
	Fylkeskomm. ⁴	Høgskulen	Vestlandsforsk.
3.1.1. 0-punktanalyse - kunnskap	650.000	100.000 ⁵	
3.1.2. Resultatinformasjon	500.000	100.000 ⁶	
4 Internasjonalisering	600.000	Driftsfinsansiering	Driftsfinsansiering
5 Verktøykasse - nettverk	200.000 ⁷	30.000	
Sum:	1.950.000		

7 Framdrift, ansvar og organisering

Ein meir detaljert arbeidsplan med framdrift og operativ ansvar i forskingsmiljøet vert utforma innan 30. september 2015.

Operativt ansvar i fylkeskommunen for denne avtalen: Lars Hustveit

Det er føresett ei statusrapportering på leiarnivå (mellan dei som signerer denne avtalen) årleg innan utgangen av februar kvart år. I dette møtet vert det teke stilling til ev. justering av innhaldet og om arbeidet er utført i tråd med arbeidsplanen.

Utbetaling av tilskot (under føresetnad av løvning i HPN 29/9 2015 ⁸):

1. delutbetaling når arbeidsplanen er godkjend (oktober 2015): kr 500.000
2. delutbetaling etter statusrapportering (mars 2016): kr 500.000
3. delutbetaling etter statusrapportering (mars 2017): kr 500.000
4. Sluttutbetaling (juli 2018) kr 450.000

Sogndal / Leikanger 21. august 2015

Merete Lunde
Merete Lunde
Vestlandsforskning

Erik Kyrkjebø
Erik Kyrkjebø
Høgskulen i
Sogn og Fjordane

Jan Heggheim
Sogn og Fjordane
fylkeskommune

⁴ Finansiert gjennom satsinga kunnskap for 2015

⁵ Som del av partnarskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune knytt til verdiskapingsplanen

⁶ Som del av partnarskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune knytt til verdiskapingsplanen

⁷ Summen kan heilt eller delvis bli brukt som delfinansiering i eit internasjonalt prosjekt

⁸ Skulle finansieringssaka bli avslått, vil fylkeskommunen dekke dokumenterte utgifter for VF og HiSF inntil kr 150.000